

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Utsira

Emne: Död og begravelse.

Bygdelag:

Oppskr. av: Thoralf Kvalvik

Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira

G.nr. 31 Br.nr. 11.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. ~~Etter eiga røynsle.~~  
Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Når to personar möttest i ei dör som var att, den eine skulde ut og den andre inn, er det brukt å segja: "Det spörs döande", og når hunden ligg utstrakt på golvet i sin fulle lengde, på lengst etter golveborda, er det og sagt det same.

At det vert sagt "det spörs" og ikkje at ein får höyra om, kjem venteleg av uvissa om kven det vert, det kan like snart vera ein sjölve.

2. Det har ein ikkje höyrd noko om.

3. Har ikkje höyrd om det.

4. Ikkje höyrd om det.

5. Har ikkje höyrd det.

6. Ukjent.

7. Ukjent.

8. Ukjent.

9. Har ikkje höyrd om det.

10. Det er truleg ein vilde gjera so om presten var her, men han er langt burte, so det vanlege er å henta andre folk når ein ser at det lid mot slutten.

11. Har korkje höyrd om eller vore tilstade ved eit sovore höve.

12. Næraste slegt.

13. Har ikkje höyrd noko om det.

14. Dö, somna, slokna og fara.

15. Har höyrd at speil har vore nytta.

16. Har höyrd om det, og at det var då det var nytta speil.

17. Det er det fyrste ein gjer, samstundes med at liket vert vaska. Ein mynt på augnelokket er brukt.

18. Ei salmebok under hoka er brukt, men mest vanleg er det med band under hoka og knytt oppå hovud.

19. Det er vanleg å henta næraste granne, når ein ser at det lid mot døden

20. Det vert etter som det høver, gjerne eit born for den sak.

21. Det har ein ikkje høyrd noko om.

22. Det er skikk og bruk å hengja opp kvite laken for alle glasa i romet den døde ligg, dette som eit varsel om at det ligg lik i huset.

23. Fyrst når ein får kista vert liket flytta or senga.

24. Det vert då lagd i kista.

25. Det er vanleg at hövelspon er med i kista, og vert då liket lagd oppå den.

26. Ein kjenner ordlaget - liggja på likstrå, men kva meininga kan vera er ikkje lett å skyna. Det er og brukt å segja: "Han er lagd fram". Dette siste må ein vel nærast tru er meint, at han er lagd i kista, og sidan at det har vore - kanskje endå er brukt å leggja halm underst i kista, at likstrå meinast lagd i kista -.

Det kan og tenkjast, at sidan det för var vanleg med halm i sengene, er ordlaget meint dei siste stråa ein ligg på -.

27. Senghalmen vert ikkje brent för etter gravferda, og ein gjer reint i romet.

28. Klæda vert ikkje, minders at den døde leid av smittsom sjuka.

29. - -

30. Straks etter at livet er slokna.

31. Fast sjukesyster har det ikkje vore her, difor har det vore gjort av ei eller annan kvinna, etter som det høver.

32. Nei.

33. Ja.

34. Ikkje det ein veit, men kanskje.

35. Veit ikkje noko om det, lite truleg.

36. Ja.

37. Har ikkje høyrd om det.

38. Sveipa.

39. Likklær.

40. Ein kjenner til liklaken og sveiplaken, men kor stort det kan vera kjenner ein ikkje til. Det vert lagd övst, siste plagget.

41. Har ikkje høyrd om det.

42. Underklæda som personen døyde i, let ein vera på, men ytterklær har ein ikkje på.

43. Har ikkje høyrd noko om det.
44. Før var det då vel bomull - lereft, no er det papirklær som fylgjer med i kista frå dei som lagar kister.
45. Har ikkje høyrd om det.
46. Det er ikkje ålment, men det treffer at sume har sokkar på. Sko har ein ikkje høyrd om har vore klædd på.
47. Kjenner ikkje til det.
48. Har ikkje høyrd om det.
49. Ukjent.
50. Blonder veit ein ikkje noko om, men myrtelblader lengst etter kanten på kista er brukt, og ein blome eller liten bukett ved dei krosslagde hender.
51. Det veit ein ikkje å kunne svara på, men <sup>sik</sup> har det vore brukt det åtti nitti åringar kan minnast.
52. Får ferdige klær av papir, saman med kista.
53. Det heiter svöp og eller likklær.
54. Har ikkje høyrd om det.
55. Ukjent.
56. Ukjent.
57. Ukjent.
58. Før i tida var det sume eldre folk som hadde kista ståande i reserve. Det var ikkje alltid so lett vint för som no å få det ein trong i ei snöggvenda, serleg om hausten og vinteren når det sette inn med ruskever. Båtane dei hadde var små, slik at det sumtid vart longe stunder millom kvar byferd.
- Ein veit om ei gamal enkja som hadde likkista ståande på loftet i bustaden sin i monge år. Ho hadde ikkje born som levde, var soleis heilt åleine. Denne enkja - ja kanskje det var fleire og på same vis - veit ein låna burt kista fleire gonger mot å få ei ny att, för ho sjölv fekk bruk for kista.
59. Det kjenner ein ikkje til.
60. Det veit ein heller ikkje noko om, men med hankar som no er det vanlege, er ikkje gamalt. Før var det ei rund trestong lengstetter kvar sida på kista, til å bera i. Desse stengerne var innfelt i fotstykkjene til bae sider på kista.
61. Kistene har vore kjøpte ferdige i byen, frå det ein kan minnast.
62. Før var det vanleg at alle likkister var svarte. I seinare tid er det vorte meir skiftande, nokre er svarte, andre er kvite og nokre er gule - eikemåla. For eldre menneskjer er dei svarte mest brukt.

- 63. Ein tek atterhald, men omlag seksti år sidan.
- 64. Det har ein ikkje høyrd noko om.
- 65. Hövelspon som til vanleg fylgjer med i kista frå der ho er laga.
- 66. Puta er laga ferdig av den eller dei som laga kista.
- 67. Kista vert klöpt ferdeg, òm fargane sjå framom.
- 68. Ein kjenner ikkje til det.
- 69. Ukjent.
- 70. Kistene er når ein kjøper dei pynta med ymse i sylvfarge. Eit sylvkross på loket, stjerner og englehovuder lengst etter bae sider og endar på kista, og elles vert den då pynta med blomar i alle fargar.
- 71. Har ikkje høyrd om det.
- 72. Ukjent.
- 73. Ukjent.
- 74. Det er vanleg å be saman næmaste slegta til avlidne når liket skal leggjast i kista. Då vert det og halden ei lita andaktstund, og er denne átferda det ein kalla: Leggja liket i kista.
- 75. Det er skikk og bruk med kaffi og mat, og er det ei alvorleg stund, slik at dans er det ikkje tale om.
- 76. Kista med liket let ein stå inne i ei av stovene til gravferdsdagen kom.
- 77. Stova eller romet vert ikkje pynta. Ein tek gjerne noko av innbuet ut, for å gje mest mogeleg rømd~~er~~ gravferdsdagen.
- 78. Der vert ikkje pynta. Elles er det vanleg her å ha liket ståande inne i bustaden.
- 79. Kjenner ikkje til det.
- 80. Ukjent.
- 81. Ukjent.
- 82. Liket vert lagd med fötene mot den döra liket skal berast ut. Eit lik vert alltid boren med fötene fremst.
- 83. Det kan vera so ymist, sumtid skruvast<sup>loket</sup> på med same liket er lagd i kista, og sumtid let ein det vera om det er nokon ein ventar som gjerne vil sjå liket.
- 84. Serlaga duk til ansiktet kjenner ein ikkje til.
- 85. Kanskje at han kallast serviett.
- 86. Ja, sume gjer det.
- 87. Nei.
- 88. ---.
- 89. For dei som er tyngd av sorg, fell det naturleg å halda seg i ro, men det er inga fast regel i so måte. I onna og anna naudsynleg arbeid går som vanleg.

20381

90. Det er ymse som ein tykkjer ikkje høver, t.d. ha eller gå der det er tilskipa moro til lysteleg samkome, ein held seg i ro.

91. Noko avmåta syrgjetid er det ikkje. Det vert no etter som den avlidne stod ein nær, ein kjær ektemake, eit kjært barn t.d., då kan syrgjetida verta meir enn long.

92. Ein ser det mest sømeleg å halda seg i ro heime, ikkje fara ikring på gjesting men nögja seg med om nok-on kjem i det arende.

93. Svart har no alltid vore eit synleg merke på at ein bar sorg. Det er soleis vanleg at ein klæd seg i svart eller mørkt gravferdsdagen. Born er det i so måte mindre nögje med, men kvinna er derimot meir nögne på klædnaden.

För var det utenkjeleg at vaksne folk gjekk i ei gravferd i ein kvit eller lys overfrakk, men det tek ein ikkje det minste omsyn til no. Den synlege fargen har mindre å segja no til dags.

94. Ein kjenner ikkje noko til det.

95. Ein kjenner ikkje til det.

96. Når borna eller andre lagar vel mykje bråk, er det sagt dei kan vekkja ein död.

Ei herma etter ein gamal no avliden mann: Ein kunne gråta slik at steinane kunne svara ein. Det er truleg ordlaget var meint å markera kor tung lagnaden var.

97. Har ikkje höyrd om det.

98. Likferda vert på ein dag som det høver.

99. Dei gamle hugsar ein sa sælabad, men no er ikkje dei gamle meir og ordet höyrer ein heller ikkje.

Det mest vanlege er begravelse, elles er og ordet gravferd brukt.

100. Det er vanleg skikk og bruk her, at to eller tri - helst tri mann vert beden serskild til å vera syngjarar, er presten her vert han sjölvsagd ein av dei.

Er det so at presten ikkje er her, vert då ein av dei tri beden om å snakka over liket, samstundes som han vert beden om å syngja. No er det lite brukt her med utvalde salmer eller songar prenta serskild for hövet. För i tida var det ikkje brukt, slik at ein får rekna det med i det nye, men trass det er det heller ikkje andre som tek salmebok med i gravferd enn dei to eller tri som er bedne å vera syngjarar. Etter talen vert det songe ei salma, eller nokre vers av ei salma. Å leggja kransar på båra frå slegt og vener, er noko som har vore lite ~~brukt~~ - helst ikkje brukt för. No er det mykje brukt.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Etter at kransepålegget er ferdig tek so songarane til med å syngja liket ut. Under song går dei fyrst ut døra, medan andre som ber liket kjem etterpå. Desse songarane går då framom likfylgje heilt fram til kyrkjegarden, der dei og syng etter vanleg ritus.

För var det skikk og bruk at songarane song eit salmevers for kvar bustad fylgjet gjekk framom på ferda til kyrkjegarden. Ei vanskeleg oppgäve i regn og ruske ver å vera bunden til boka. Men er no den del av seremonien avlagd.

101. Loket vert ikkje teke av etter det er skrudd på.

102. Kjenner ikkje til det.

103. Det er vanleg med to tende lys på eit bord attmed kista, helst til endes framom kista.

104. Det er to lys, anten den avlidne er gift eller ugift. Det same om det er eit barn.

105. Lysa vert slökte når liket er bore ut.

106. Lysa vert ikkje rörde.

107. - -

108. Har ikkje höyrd om det.

109. Ukjent.

110. Ukjent.

111. Det er ikkje brukt å vaka over nokon som er död.

112. Ikkje höyrd om det.

113. Ukjent.

114. Höver det so, ser ein helst at presten kan vera med.

115. Me ligg lite höveleg til at presten alltid kan vera med når ein ynskje det, men prøver ein likevel om det kan lagast å få han med.

116. Det har jamnast vore klokkaren som har teke det på seg, og slik har det vore alle dagar fram gjenom tida, utan å ha höyrd ~~xxx~~ noko unögja om det.

117. Har ikkje höyrd om det, men dei gamle brukte å segja gravöl - har vore, eller skal gå i gravöl.

118. Ukjent.

119. Det er mykje etter som det höver.

120. Dei næraste vert tekne fri.

121. Det er no som för, at nokon kvar vil gjerne hjelpe til med å bera liket ut, og at dei næmaste slepp.

122. Altid fotenden fyrst, noko ein agta vel på å gjera.

123. Det har ein ikkje höyrd noko om.

124. Det har ein ikkje höyrd, men har eingong höyrd det sagt av ein bygningsmann, at ei dör i ein bustad måtte vera breid nok å ta ut ei likkista. Eit hus måtte byggjast, ikkje berre til å leva i men og til å döy i.

4.  
125. Sumtid er det ströyd eit eller anna grönt på vegen der likfylgje kjem framom. Elles er det lite brukt.

126. Ikkje höyrd om det.

127. Ukjent.

128. Ukjent.

129. Til kyrkjegarden fylgjer alle som möter fram til gravferda.

130. Vil tru det har vore brukt alle dagar.

131. Det er gamalt og ser det endå slik, at til fleire i fylgje, dess større æra.

132. Det er av og til at sume pyntar vegen frammed huset sitt.

133. Lite brukt her. Ein har korkje skog eller lyng å ta av.

134. Gravferdsdagen er det brukt å flaga på halvstong. Å flagda i gravferd er i grunnen ikkje so gamalt. Ein visste ikkje om det för - omlag femti seksti år attende.

Det var ikkje mange bustader som hadde flag heller i den tida. No~~xx~~ er det dei fleste som har, men likevel lite brukt. Ved syrgjehusa er det vorte vanleg skikk å ha flag på halvstong gravferdsdagen.

135. Slegt, vener og grannar.

136. Flagd til topps i gravferd, er ikkje brukt, ein let det hongra på halvt til ein tek det ned om kvelden.

137. Sjå framom.

138. Sjå framom.

139. Eit likfylgje stoppar ikkje för det er komen fram til grava. Der set ein liket frå seg på nokre plank eller bordendar som er lagd tvers over grava.

För når det var vanleg å syngja ved kvar bustad ein gjekk framom, stoppa ein ikkje, men song under gonge.

Songarane tok til med eit salmevers då dei nærma seg ein bustad, og var der då fleire bustader attmed kvarandre, kunne eit vers ~~xxxx~~<sup>rekka</sup> til ~~xxx~~ fleire bustader.

Denne uskikken er det no slutt på, men det er ikkje ratt lenge sidan - kanskje tretti förti år.

Som det er sagt framom, var det ikkje brukt å få særskild utvalde salmer eller songar prenta til ei gravferd.

No er det sume som gjer bruk av det, og kanskje at det var pålag den tida det tok til, at ein slutta med å syngja for kvar bustad -.

140. Har ikkje höyrd om det.

141. Ein slepp å gjera bruk av båt.

142. Har ikkje höyrd om det.

- 143. Har ikkje høyrd om det.
- 144. Ikkje høyrd om det.
- 145. Det vanlege er eit kvitt laken, av og til eit svart teppe.
- 146. Me har inga fast regel for det.
- 147. Har ikkje høyrd om det.
- 148. Ein ynskje ein hest som er roleg, tru og sein i ei sovero ferd. Det er i grunnen songarane som går framst i fylgje, som avgjer kor snøgt ein får gå.
- 149. Mannen med hesten köyrer heim med same liket er teken av vogna, medan fylgje elles er med til jordfestinga er over. Etterpå går då sume av fylgje heim - kvar til seg, medan dei fleiste samlast til eit minnemöte dei kallar, ~~xxxxxxxxxxxx~~ med kaffi og mat i bedehuset.
- 150. Helst han som eig eller er kjend med hesten.
- 151. Han som köyrer går anten ved sida av hesten eller vogna. Det er vanleg höyvogn - sjölvsagd utan remmar - som er brukt til det.
- 152. Nei, songarane går eit stykkje framom hesten.
- 153. Sjölv om det var god og framkomeleg ved, so brukte dei likevel å bera lika för. Eit tildriv må ha gjort at ein kring förti/förtifem år sidan tok til med å köyra, no er det älment.
- 154. Har ikkje høyrd om det.
- 155. Har ikkje høyrd om det.
- 156. Sjå framom.
- 157. För var det vanleg at mannfolka som var med i likfylgje grov atti grava - ikkje dei næmaste i slegt.  
Spar, skuffer, o.a. som høyrd til, vart teke vare på med å ha det under troppa i forhuset i kyrkja. Ved den kyrkjegarden ein no har, er der redskapshus kloss attmed.
- 158. Det høyrd kyrkja til.
- 159. Det er etter som det höver til.
- 160. Ikkje det ein veit om.
- 161. Er presten med, går han fremst i lag med dei andre songarane.
- 162. Har ikkje høyrd om det.
- 163. Det hende, men ikkje jamt. Kyrkjegarden ein no har, ligg eit stykkje veg frå kyrkja.
- 164. Ja.
- 165. Ikkje det ein veit.
- 166. Ein ringjer - ryngjer ikkje etter at grava er attgravi.

20381

- 5
167. Omlag förtil/ femti år sidan.
168. Gravar - gravaren.
169. Ein måtte tinga med ein eller annan til å gjera det, og måtte grava vera ferdig för at gravferdsfylgje kom.
170. Har ikkje höyrd om det, sjå elles framom.
171. Nei - det har ein ikkje höyrd noko om.
172. Har ikkje höyrd noko om det, mest truleg ein skikk ein ikkje skynar seg på.
173. Det vert ikkje gjort.
174. Når ein ikkje såg seg råd ~~xxx~~ å bera kostnaden til karm, var det mykje brukt för å trovklæ grava, elles vart det og lagd blommar oppå.
175. No er det vanleg med kostesame gravkarmar, der det står påskrive - höit elsket, dypt savnet - m.m.
- I röynda vert sjölve grava bra stelte, verre er det med kyrkjegarden elles som gror over av all mogeleg ugras.
- Julaf<sup>n</sup>ta er det monge som ser til og pyntar noko på grava, elles er det no om våren ein er trugnast.
176. Det vert då visst ikkje gjort noko skilnad.
177. Kjenner ikkje til det.
178. Ukjent.
179. Har inga reservert stad, dei vert lagd i rekkja og rad med andre.
180. Det vert - sovidt ein veit ikkje gjort noko skilnad.
181. På kyrkjegarden ein stad, gjerne på toppen av ei anna grav.
182. Ein höyrde sume gamle sa gravöl, elles er det eit ord ein ikkje höyrer no.
183. Det har vore og er vanleg at ei kvinna i slegt med avlidne, går kring og bed i gravferd. Det er då ei ung kvinna, menn veit ein ikkje om har vore brukt til det.
184. Det er som ved brudlaup.
185. Mörkkledd, ikkje stav men gjerne ein paraply.
186. Når ho kjem til eit hus, bed ho gjern alle som höyrer til å samla seg i eit rom, og ber ho då bodet fram med å helsa frå N.N. (næmaste slegt) om ein vil vera gild å fylgja avdöde til grava i morgon kl. eit. För la ein og til at dei bad på huset, det tyder at om dei i huset hadde eller i millomtida fekk nokon i gjesting, vart dei bedne med.
187. Sjå framom.
188. Ikkje brukt.
189. Ikkje til innbyggjarar.
190. Nokre timar på ettermiddagen.
191. För var det vanleg med to, no er det vanlege eit.

- 5
- 10
192. Det har ein ikkje høyrd om.
  193. Har ikkje høyrd noko om det.
  194. Dei næmaste slegtningane er ikkje med i tilstelninga.
  195. Utearbeid let ein i ro, medan fylgje går framom.
  196. Ikkje brukt.
  197. Ukjent.
  198. Ukjent.
  199. Ukjent.
  200. Ukjent.
  201. Ein kan ikkje det.
  202. Alkoholbruk i gravferd har ein ikkje høyrd om her.
  203. Ukjent.
  204. Senda krans er mykje brukt, men om det er ei avlöysing frå noko anna, kjenner ein ikkje til.
  205. Når tid kan ein ikkje segja, men har det vore brukt i uendeleg long tid.
  206. Kransane var mykje heimalaga för - potteblomar.
  207. No får ein kransane ferdiglaga frå gartneria i byen. Ein får dei då etter som ein ynskjer dei, det er berre å gje opp ~~xxxxxxx~~ pris ein tykkjer høver.
  208. Kransane vert spikra fast på kista og fylgjer med i grava, eit par av dei vert lagd til side til grava er attgravi, og vert då dei lagd oppå.
  209. Dei som vert lagd oppå, ligg der til<sup>at</sup> det ikkje er meir stas ved dei.
  210. Det vanlege er kaffi, smörbröd og blautkaker i store mengder. Alkohol er ikkje brukt.
  211. Ikkje brukt.
  212. Det er ikkje gamalt - omlag tretti förti år sidan.